

# REFERAT FRÅ MØTE I FAGKOMITÉEN

Fylkesvåpen Vestland fylkeskommune

Dato: 6.11.2018

Kl.: 09.00-16.00

Stad: Wigandgården, Hordaland fylkeskommune, Bergen.

**Tilstades** Geir Atle Ersland  
Ashley Booth  
Janne Leithe  
Jørn Øyrehagen Sunde  
Oddmund Løkensgaard Hoel

**Sekretariat** Arlen Synnøve Bidne og Ole Vegard Skauge. Bertil Søfteland 09.00-09.30.

## Referat

1. Innkalling, sakliste og referat er godkjent. Vurdering av habilitet godkjent som nytt punkt 3. Kort om godtgjersle til slutt.
2. Mandat og retningsliner vart kort referert, og vart henta opp igjen ved slutten av dagen.
3. Nytt punkt: Det vart gjort habilitetsvurdering ved Hordaland fylkeskommune sin jurist Bertil Søfteland før handsaming av designforslaga. Ingen habilitetskonfliktar vart sett.
4. Vurdering av innkomne forslag til fylkesvåpen:

Innstillingsforma vart diskutert. Alle i komitéen ynskte å tilrå eitt forslag. Det var semje om å bestemme innstillinga si form ut over dette etter gjennomgangen av materialet, men før innstilling til fylkesvåpen. Det var også semje om å gjere vurdering av folkefavoritten, sjølv om det ligg føre juridisk vurdering som gjer forslaget risikofylt å fremje.

Alle forslaga vart vurdert. Materialet vart sortert som godt eigna, eigna og ueigna. Tre forslag var godt eigna, eitt forslag var eigna, dei resterande vart vurderte som ueigna.

Dei 3 godt eigna forslaga er:

- *Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap*
- *Tilbydar C: eige forslag*
- *Tilbydar E: motivgruppe samtid*

Desse tre er altså godt eigna som fylkesvåpen. Når komiteen ville fremje eitt alternativ, vart det silt ytterlegare, ved avstemming.

Fyrst vart alternativet *Tilbydar C: eige forslag* stemt ut. Så viste 2. avstemming at *Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap*, hadde fleirtal, med tre stemmer, mot to stemmer for *Tilbydar E: motivgruppe samtid*.

Fagkomitéen vurderte blasoneringane, og foreslår korrigering til nynorsk for *Tilbydar E* sitt forslag.

Blasonering *Tilbydar C: motivgruppe natur og landskap*

«Venstre halvdel, skrådelt av sølv og grønt, høyre halvdel, første felt skrådelt av grønt av grønt og sølv, første felt delt av grønt og sølv.»

Blasonering *Tilbydar C: eige forslag:*

«Kløyvd av sølv og grønt, i venstre felt tre sølv strenger, to i øvste halvdel og ein i nedste.»

Blasonering *Tilbydar E: motivgruppe samtid*

«På blå botn 3 x 3 sølv bølger»

Prosjektgruppa får i oppdrag å kontrollere blasoneringa, og sende tilbake til fagkomitéen til godkjenning.

## 5. Godtgjersle

Det vart orientert om rammene for godtgjersler. Prosjektkoordinator sender ut skjema for reiserekning, samt mal for krav om godtgjersle. I dette biletet må godtgjersle for reisetid klargjerast.

Møtet vart avslutta kl. 15.45.